

SKULEHUSET I HESJEDALEN

Sigurd Fyllingslid


Eg tok til på skulen i mai 1928. Det var ein fin solskinsdag og bestemor fylgde meg til skulestova som var i dei fråflytta husa på bruk nr. 3 i Nedre Hesjedal, kalla Botn i dagleg tale. Me var 11 skuleborn den gongen. Dei 3 eldste gutane som gjekk i siste skuleåret, hadde langbukser, var svært vaksne og krov respekt. Me mindreårige måtte gå i knebukser, slik var skikken den gongen.

Første læraren eg hadde var Ivar Hesjedal. Han var snild og hadde godt lag med borna. Sidan kom Halvard Tvedt. Han hadde skule på Vedå og i Hesjedalen annakvar veke. Han rodde fjorden mellom Vedå og Ånæ (Grøttå) og eg minnest me borna gledde oss når veret var mykje stormfullt så det ikkje var farande på fjorden med robåt. Då kunne me få ein ekstra fridag. Me det var sjeldan dette hende, for skysskarane var uredde og sjøvande og læraren var heller ikkje skvetten. Så me vart ofte vonbrotne.

I 1930 fekk me skulehus i bygda. Det var skulehuset på Bruvik som vart rive og bygd opp att her i Hesjedalen. Materialen vart kjøyrde med hest frå Åna og opp i Botn der huset vart bygd opp att akkurat slik det hadde stade på Bruvik.

Då huset stod ferdig oppbygd, skulle det målast. Målarmeister Einar Sellevold og nokre andre karar frå Dale stod for dette arbeidet. Det var lettliiva karar. Dei song av og til i kor under arbeidet. Ein song eg hugsar dei song mykje, var :» Nede i Sachsen en pige så skjønn levde ensom sitt liv...». Eg var mykje glad i korsong, difor er det vel eg minnes denne songen frå mine barneår.

Så tok skulen til i skulehuset. No var det slutt på omgangskulen i heimane omkring i bygda. No hadde me skulehus med stor veggtafle, kateter, pultar med hyller til bøker, ei firkanta grop til blekkhus og ei rille til blyant og penn i skriveplata. Det var også eit stort, låsbart skap til skulematerialane. Og lærarværelse, gang og svingtrapp opp til lemnen (salen). Læraren var vel særst glad i værelset sitt. Der kunne han taka seg ein røyk i frikvarteret. Han ville ikkje at me borna skulle sjå at han røykte, tok omsyn og ville ikkje gjeva oss eit dårleg føredøme. Men me kjente røykjelukta og såg av og til ei blå skodde når han opna døra. Likevel hjelpte det godt at han prøvde å løyna det, me fekk då forståing for at røyking ikkje var av det gode. Skulehuset vart til stor glede for bygda. Der hadde me festar, stemner, sundagsskule, kveldsmøter av tilreisande predikantar og andre samkomor.



Skulehuset i Hesjedalen

Utlånt av Sigurd Fyllingslid

Og ei tid etter krigen vart det også feira bryllaup der. Det var syter mi, Solveig som gifte seg med David Blomdal.

Dei vart vigde i kyrkja på Bruvik og bryllaupet vart feira i to dagar i skulehuset. Juletefestane lyste på ein særå måte opp i den lange, mørke vinteren. Det var ein eigen stemning i skulehuset når det store juletreet var komen på plass i krossen og stod der pynta, og med den gode eimen av furubar. Var lukka slik at veret var godt og det var lite snø, venta me mykje folk. Folk kom det frå alle heimane frå Ånæ til Hæggebotn. Stundom også frå Stanghelle, Vassdal og frå Faugstad. Dei hadde ein vanskeleg veg i kratt og ulende, særleg gjennom den bratte lida i Kråskaret, men dei var ikkje skvetne for litt bal og slit. Endå til Karl og Kristine, foreldra til den staute barneflokk, kom eit par gonger.

Når folk hadde fått av seg reisekleda og roa seg, kunne festen taka til. Knut Hesjedal - som var reisetalar og formann for Norhordaland Indremisjon - heldt ofte festtalen. Stundom var det også tilreisande talarar. Men den som leida festane i mange, mange år var oftast Magne Hesjedal. Han var ein allsidig mann og svært god til å leida festar og andre samkomor.

Me gjekk mykje om juletreet på desse festane, noko som me unge lika godt. Det var gildt å få røra på seg, gå om juletreet og syngja dei kjære julesongane me hadde lært som barn. Etter ei tid var det matøkt.

Det vart sett opp langbord på lemnen med kvite bordukar og stearinlys. Kakao til born og kaffi til dei vaksne og rikeleg med god julemat. Etter matøkta var det atter gang om juletreet og oftast ein kort tale av ein eller annan. Stundom leida Magne ymse leikar for oss yngre når dei eldre var trøytt og gjekk kvar til seg.

Så kom krigen i 1940, og snudde om på så mangt. Det kom så brått og uventa på dei fleste nordmenn, dette tyske angrepet på landet vårt. Og vanskeleg var det nok for dei styrande å vita korleis dei skulle råda i denne stoda. Men mellom anna som vart gjort, var at det kom ei stor last med mjøl og ein del kassar med appelsiner til Ånæ. Dette skulle lagrast i skulehuset. Og me hadde mange vender til Ånæ etter bærer. Dette måtte gjerast mest mogleg i løynd, så me bar om natta. Kunne ikkje bruka hest då dette ville vekka for mykje oppsikt. Me var glade for å få laga så mykje mat i bygda. Men me fekk nok ikkje noko av det, for det vart etter kort tid køyrt til Ånæ att og den nyoppretta forsyningsnemnda i Bruvik tok seg av det. Det einaste me fekk - eller rettare, stal - var nokre appelsiner me pressa ut mellom spilene på kassane då me bar dei opp til skulehuset.

Krigsåra var sjølv sagt ei vond tid. Han far - som var helseknekt av giktfeber og hadde eit hjarta som så vidt heldt liv i han - gjekk til sengs då han fekk høyra det fælslege nyhende at Noreg var i krig. Og han kom ikkje or senga meir. Åtte dagar seinare, 17. april, døydde han. Då han skulle gravleggjast hadde tyskarane hærsett Stanghelle og lagt to av sine falne i den ferdige grava til han far. Så bror hans, Nils Fyllingslid, og eit par vener rodde han til Stamnes og gravla han der.

Frigjøringsdagane i førstninga av mai 1945 gløymer eg seint. Den jublande gleden me kjende kan vanskeleg tolkast. Me samlast i skulehuset 9. mai. Magne Hesjedal heldt ein gripande tale og takka Gud for fridomen. Etter talen song me Gud signe vårt dyre fedreland, og det var mange som hadde vanskar med å løyna gledestårene. Og så gjekk me i tog, med jubel og song, med eit høgt heva norsk flagg så langt bygdevegen rakk.

Etter krigen vart det mindre og mindre born i bygda. Folk tok til å flytta ut. Det var likevel skule i mange år etter krigen med ymse lærarar: Magne Stokke, Sigmund Dale, Magne Hesjedal med fleire. Siste læraren var Andreas Øverås. Då han slutta av her i Hesjedal, vart han lærar på Stanghelle, og dei borna som var att i bygda måtte over til skulen der.

Skulehuset står framleis no våren 1996, men går ei usikker tid i møte. Stanghelle Vellag er no eigar av huset, men søker etter nye eigarar.

Det gamle skulehuset minner om ei tid som var heilt onnorleis enn tida no. På mange måtar ei betre tid enn tida no som tykkjest så kynisk og kald.